



Eit av høgdepunkta for skulemusikken i fjor – då dei spela i kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Førstkommande tirsdag ønskjer skulemusikken i Uskedalen at alle som kan tenkja seg å læra og spela messinginstrument kjem til aspirantsamling i skulen.

Då håpar dei på godt frammøte av unge og komande musikantar. Det er viktig for å sikra korpset si framtid.

På samlinga vil dei få informasjon om korpset og aspirantopplæringa. Dei vil få prøva seg på ulike instrument, og det vert enkel servering. I tillegg til representantar frå styret vil og tre av dei eldste i korpset spela litt på instrumenta sine. Dessutan vil dei hjelpe til med gode tips når dei komande muskarane skal prøva seg på instrumenta. Samlinga vert avslutta med ein tur innom aktivitetshuset for å høyre på korpset som øver til storkonsert med Frank Brodahl i april.

Skulemusikken har no 20 medlemmer. Det for få, men dei som er med, gjer ein så god jobb at mange meiner at korpset held høgare musikalsk nivå enn nokon gong tidligare. Likevel trengst det fleire medlemmer. Det er ønskeleg at besetningen kunne ha vakse til opp mot 30.

Første steg på veg mot dette målet kan vera godt frammøte på aspirantsamlinga i skulen førstkommande tirsdag kl. 18.00. Det er sendt ut invitasjon til alle aktuelle elevar i 2. og 3. klasse. Dersom det er nokon som er eldre, som har lyst å vera med, er det berre å stilla opp. Alle som kjem er svært velkomne, og dei er viktige for korpset si framtid.

Av Thor Inge Døssland